



Samferdselsdepartementet  
Postboks 8010 Dep  
0030 OSLO

Dato: 06.02.2019  
Vår ref.: 2018/16763-5  
Saksbehandlar: mattorg  
Dykkar ref. 18/1667-

## Overføringslov og endringar i ulike lover som følgje av overføring av fylkesvegadministrasjonen- Høyringsfråsegn

Vi viser til dykkar høyringsbrev datert 20. november 2018 om nemnte sak. Vidare til dykkar svar datert 12. desember (ref 18/2426-11) på vår førespurnad om utsett frist, samt til vårt brev datert 21. januar der vi sendte over innstilling frå utval for miljø og samferdsel.

Fylkeutvalet gjorde slikt vedtak i møte 31. januar i saka:

1. *Fylkesutvalet i Hordaland har ikkje merknader til dei føreslegne tekniske endringane i ei rekkje lover som følgje av overføring av fylkesvegadministrasjonen frå Statens vegvesen.*
2. *Fylkesutvalet viser likevel til dei føreslegne endringane i veglova der den lovmessige reguleringa av Statens vegvesen si organisering blir fjerna. Det er også registrert at det vert vurdert nedlegging av regionvegkontora og ein framtidig divisjonsmodell. Den pågåande omorganiseringa av Statens vegvesen må ikkje føre til ei sterk sentralisering av etaten.*
3. *Fylkesutvalet vil understreke at overføringa av fylkesvegadministrasjonen vil medføre vesentlege omstillingskostnader, som pr i dag er usikre og ufullstendige. Stillingar som vert overført må vera i henhold til fylkeskommunen sine behov. Det er viktig å få kartlagt omstillingskostnadane ved overføringa og at desse kostnadane syner att i budsjettammene. Det må i tillegg vurderast korleis fordelinga av midlar mellom fylkeskommunane skal løysast frå 2020 og framover, inkludert om det er behov for overgangsløysingar.*

Vi gjer merksam på at fylkesutvalet sitt vedtak i punkt 2 og 3 ikkje er identisk med innstillinga frå utval for miljø og samferdsel.

Matti Torgersen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*